

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesrådmannen opplyste at det var feil årstal for ny skule på Sotra. Årstalet 2027 skal vera 2025. Rett årstal i fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt.4 skal vera 2022.

Beate Husa (Krf) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.4.

«Fylkestinget vedtek at saka om nytt namn på Sotra vidaregåande skule vert utsett til 2022.»

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.3.

«Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Laksevåg maritime og vidaregåande skule.»

Geir Kjell Andersland (V) sette på vegner av V, Frp og H fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.3.

«Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen Maritime vidaregåande skule vert kalla Bergen Maritime vidaregåande skule.»

Tor André Ljosland (Krf) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.3.

«Fylkestinget vedtek at den nye skulen skal heite Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande skule.»

Røysting

Innstillinga pkt.1 og 2 vart samrøystes vedteken.

Strømmen sitt forslag fekk 7 røyster (MDG, SV, R) og fall.

Innstillinga pkt. 3 fekk ingen røyster og fall.

Andersland sitt forslag fekk 22 røyster (V, H, Frp) og fall.

Ljosland sitt forslag fekk 42 røyster (A, Sp, Krf, SV, R, MDG, Frp) og vart vedteke.

Innstillinga pkt.4 fekk 4 røyster (R, SV, 1Sp) og fall.

Husa sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek at den nye samanslåtte skulen Bømlø vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule vert kalla Bømlø vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at Åsane vidaregåande skule vert kalla Åsane vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den nye skulen skal heite Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande skule.

4. Fylkestinget vedtek at saka om nytt namn på Sotra vidaregåande skule vert utsett til 2022.